

MØTEBOK ÅRSMØTE 2020

Årsmøtet vart halde den 19.08.2020 på Ørsta kulturhus i Ørsta kommune. Innkallinga vart sendt ut den 13.07.2020. Årsmøtet var utsett frå mars grunna koronapandemien.

Før årsmøtet var det omvising på det statleg sikra friluftsområdet Vekslet sør for Ørsta sentrum. Der sørge styremedlem Karen Høydal og Magnar Selbergvik frå kommunen for omvising og orientering om friluftsområdet og toalettløsningar.

Skjergardstenesta v/skipper Torgeir Sund var også til stades med tenestebåten «Rigmor». Stranda Vekslet er for grunn til at båten kan legge til, men «Rigmor» var open for besøk i småbåthamna.

Tilbake på kulturhuset presenterte Småjobbsentralen v/Joanne Aarseth med fleire om arbeidet deira med ryddig av marin forsøpling.

Deretter ønska ordførar Stein Aam årsmøtedeltakarane velkomne til Ørsta, og orienterte om kommunen før sjølve årsmøtet starta.

Prosjektleiar for marin forsøpling i Sunnmøre friluftsråd Ann Helen Hellevik orienterte om dette arbeidet i friluftsrådet.

Desse møtte på årsmøtet:

Kvar medlemskommune har valt to årsmøteutsendingar med vara. Desse møtte:

Kommune	Årsmøteutsendingar
Fjord kommune	Palma Flåen Øvrebust
	Anders Jørgen Gjerde
Giske kommune	Birger Honningsvåg (møter som vara)
	Jan Ove Skodje (er også styremedlem)
Stranda kommune	Bodil Tronstad Lie
	Jostein Dalen (er også styremedlem)
Sula kommune	Nils Erik Bjørkavåg
	Trygve Holm (er også styremedlem)
Ulstein kommune	Arild Støylen
	Vegard Ertesvåg (møter som vara)
Volda kommune	Tollak Mikal Kaldheim
	Jan Erik Stokkeland
Ørsta kommune	Per Ivar Lied
	Oddvar Marøy (møter som vara)
Ålesund kommune	Geir Ove Leite
	Kari Grindvik (møter som vara)
Sykkylven kommune	Sveinung Vemøy
	Anne Kari Aamodt
Vanylven kommune	Jonny Lade
	Lena Landsverk Sande

* Utsendingane frå Vestnes kommune hadde ikkje høve til å møte på årsmøtet.

Sitjande styre møtte fulltalige:

Kommune	Styremedlemmar
Fjord (tidlegare Stordal) kommune	Eva Hove
Fjord (tidlegare Nordal) kommune	Solveig L. Stakkestad
Giske kommune	Birger Honningsvåg
Stranda kommune	Jostein Dalen (er utsending)
Sula kommune	Trygve Holm (er utsending)
Ulstein kommune	Knut Erik Engh
Vestnes kommune	Skafti Helgason
Volda kommune	Tollak Mikal Kaldheim (er utsending)
Ørsta kommune	Karen Høydal
Ålesund (tidl. gml. Ålesund) kommune	Jarle Hauge Steffensen
Ålesund (tidl. Haram) kommune	Vebjørn Krogsæter
Ålesund (tidl. Skodje) kommune	Modolf Hareide
Ålesund (tidl. Ørskog) kommune	Janet Roelofs

Andre frammøtte på årsmøtet:

Kommune	Komande nye styremedlemmar
Sykkylven - nytt styremedlem 2020	Trond Bonesmo
Volda - nytt styremedlem 2020	Ola Einang
Ålesund - valnemnd	Tore Johan Øvstebø (vara)
Tilsettrepresentant - frå 2020	Ann Helen Hellevik (vara)
Frå administrasjonen	dagleg leiar Anne Berit Støyva Emblem og tidlegare dagleg leiar May Britt Haukås (no rådgjevar)

Årsmøtet vart sett med 27 røysteføre delegatar.

Sak 1: Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner innkallinga og sakslista for årsmøtet 2020

Sak 2: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under møteboka

Årsmøtet foreslo Trygve Holm og Jarle Hauge Steffensen til å skrive under møteboka, dagleg leiar som sekretær, og styreleiar som ordstyrar.

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet vel styreleiar Vebjørn Krogsæter som ordstyrar og dagleg leiar Anne Berit Støyva Emblem som sekretær, og Trygve Holm og Jarle Hauge Steffensen til å skrive under møteboka.

Sak 3: Godkjenning av Sykkylven og Vanylven som nye medlemskommunar

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet ønskjer Sykkylven og Vanylven hjarteleg velkomne som nye medlemskommunar i Sunnmøre friluftsråd frå 01.01.2020.

Årsmøtet gir utsendingane frå Sykkylven og Vanylven røysterett i dei resterande sakene på årsmøtet 2020.

Sak 4: Handsaming av årsmeldinga frå styret for 2020

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga til Sunnmøre friluftsråd for 2019.

Sak 5: Rekneskap for 2019

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner den revisorgodkjente rekneskapen for 2019.

Årsmøtet godkjenner avsetning av kr. 507 000 til framtidig finansiering av ny båt til Skjergardstenesta i Møre og Romsdal.

Sak 6: Budsjett 2020

Samrøystes vedtak:

1. Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2020.

2. Årsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.

Sak 7: Arbeidsplan 2020

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet godkjenner arbeidsplanen for 2020.

Sak 8: Medlemskontingent for 2021

Samrøystes vedtak:

Medlemskontingenten for 2021 vert sett til kr. 19,47 per innbyggjar.

Sak 9: Ny organisasjonsform kommunalt oppgåvefelleskap og tilhøyrande samarbeidsavtale

Tillegg til samarbeidsavtala fremma under årsmøtet av styreleiar:

I forslag til Samarbeidsavtale § 5 står det at «I samsvar med Kommuneleva skal begge kjønn vere representerte når det blir valt 2 eller fleire representantar. Det skal minst vere 40 % av kvart kjønn i styret.» Forslag til to nye påfølgande setningar: «Styret skal legge fram ei gyldig samansetning til representantskapsmøtet. Dersom val av styreprerentantar frå kommunane samla sett ikkje oppfyller 40%-regelen, vert samansettinga av nye styreprerentantar avgjort ved loddtrekning eller etter frivillig avtale mellom kommunane.»

Årsmøtet vedtok tillegget samrøystes.

Endring fremma under årsmøte av Knut Erik Engh:

Setninga i § 5 «Også styremedlemmane har røysterett på representantskapsmøtet.» endrast til: «Styremedlemmane møter med møte- og talerett i representantskapsmøtet.»

Årsmøtet vedtok endringa i samarbeidsavtalen mot ei stemme.

Vedtak:

Alle kommunestyra i medlemskommunane i Sunnmøre friluftsråd vedtok i 2019/2020 at friluftsrådet skal organiserast som Kommunalt oppgåvefelleskap (KO) i samsvar med ny kommunelov §19. Årsmøtet godkjenner dette.

Årsmøtet stiller seg bak samarbeidsavtalen som erstattar dei tidlegare vedtektene i Sunnmøre friluftsråd, med tillegg og endring i § 5. Samarbeidsavtalen vert sendt til kvar av deltakarkommunane for vedtak i kvart kommunestyre.

Sak 10: Val

Kommunane som skulle gjere det, hadde valt sine medlemmar og varamedlemmar før årsmøtet. To styremedlemmar har teke attval og fem er nye, her under to nye medlemskommunar.

Kommunesamanslåingane i Ålesund og Fjord har verka inn på kva kommunar som skal ha styrerepresentasjon. I tillegg vil den nye samarbeidsavtalen, som er tilrådd i sak 9, verke inn på (nye) Ålesund sin representasjon, jf. samarbeidsavtalen §7.

Styret for perioden frå etter årsmøtet 2020 til og med årsmøtet 2021 er:

Styremedlemmar valt for perioden 2019-2021 som allereie sit i styret:

Kommune	Valperiode	Styremedlemmar	Vararepresentantar
Stranda	2019-2021	Jostein Dalen	Jan Håkon Vikane (ny)
Sula	2019-2021	Trygve Holm	Stine M. Lerheim
Vestnes	2019-2021	Skafti Helgason	Inge Bergum
Ålesund	2019-2021	Jarle Hauge Steffensen	Nora Gunn Morken Farstad
Ålesund	2019-2021	Vebjørn Krogsæter	Ewa Hildre
Ålesund		Ny repr. jf. samarbeidsavtalen §7	Veljast etter årsmøtet

Innmelde styremedlemmar som kommunestyra har valt for perioden 2020-2022:

Kommune	Valperiode	Nye styremedlemmar	Nye vararepresentantar
Fjord	2020-2022	Eva Hove (attval)	Andreas Håvoll (ny)
Giske	2020-2022	Jan Ove Skodje (ny)	Birger Honningsvåg (ny vara)
Sykkylven (ny)	2020-2022	Trond Bonesmo (ny)	Eva Eline Tandstad (ny)
Ulstein	2020-2022	Berit Sandvik Skeide (ny)	Kathrine Kriken Garnes (ny)
Vanylven (ny)	2020-2022	John Willy Klungre (ny)	Marina Haaberg Ersvåg (ny)
Volda	2020-2022	Ola Einang (ny)	Annlaug Stokke (ny)
Ørsta	2020-2022	Karen Høydal (attval)	Stein Aam (attval)

Per Ivar Lied la fram innstillinga frå valnemnda på val av leiar, nestleiar og revisor fram til og med årsmøtet 2020:

Leiar: Vebjørn Krogsæter (Ålesund) /gjenal. 2020-2021

Nestleiar: Eva Hove (Fjord) /ny. 2020-2021

Revisor: Møre og Romsdal Revisjon SA (Anne Nygård) /gjenal (tidl. KomRev3 MR IKS)

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet tek til vitande nye styremedlemmar med vara for perioden 2020-2022 som kommunane har meldt inn. Årsmøtet vel Vebjørn Krogsæter som styreleiar, Eva Hove som nestleiar og Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor fram til årsmøtet 2021.

Sak 11: Val av valnemnd

Gjeldande valnemnd har bestått av:

- Aud Sissel Suoaranta (Vestnes)
- Marianne Barstad (Sula)
- Per Ivar Lied, leiar (Ørsta)
- Tore Johan Øvstebø, vara (Ålesund)

Leiaren Per Ivar Lied la fram innstillinga frå valnemnda på val av ny valnemnd. Til opplysning vedtok førre årsmøtet at det skal leggest opp til ein praksis med 3-årig løp.

Forslag valnemnda 2020/2021 (3-årig rotasjon):

Modolf Hareide, 2020-2023 (Ålesund)/ny
Mariann Barstad, valt for 2019–2022 (Sula)
Per Ivar Lied, valt for 2018-2021 (Ørsta)
Vara: Lena Landsverk Sande, 2020–2021 (Vanylven)/ny

Samrøystes vedtak:

Årsmøtet vel følgjande valnemnd:

Leiar: Per Ivar Lied, valt for 2018-2021 (Ørsta) – ikkje på val
Medlem: Mariann Barstad, valt for 2019-2022 (Sula) – ikkje på val
Medlem: Modolf Hareide, 2020-2023 (Ålesund)/ny
Vara: Lena Landsverk Sande, 2020–2021 (Vanylven)/ny

Sak 12: Innkomne saker

Utgår. Det har ikkje kome inn andre saker til årsmøtet.

Avslutning av årsmøtet

Årsmøtet vart avslutta av styreleiar, som takka av styremedlemmane som no går ut av styret for innsatsen:

- Solveig L. Stakkestad, tidlegare Nordal kommune
- Modolf Hareide, tidlegare Skodje kommune
- Janet Roelofs, tidlegare Ørskog kommune
- Birger Honningsvåg, Giske kommune
- Knut Erik Engh, Ulstein kommune
- Tollak Mikal Kaldheim, Volda kommune

På vegne av styret takka styreleiaren tidlegare dagleg leiar May Britt Haukås for den gode jobben ho har gjort som leiar for friluftsrådet i seks år.

Referent: Anne Berit Støyva Emblem, dagleg leiar

Møteboka er elektronisk godkjend 27.08.2020 av Trygve Holm og Jarle Hauge Steffensen:

Trygve Holm

Jarle Hauge Steffensen

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 5 pages before this page
Dokumentet inneholder 5 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 5 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 5 sider før denne side

Detta dokument innehåller 5 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende